


LOKALISERINGSKART, HEDMARK



Feltarbeid: NIBIO 2017
Kartframstilling: NIBIO 2018
Kartgrunnlag: Statens kartverk N50 kartdata, © Norge digitalt
Prosjektansvarleg: Yngve Rekdal

Koordinatar er gjeve i UTM, sone 32 N.
Kartet er laga på oppdrag frå Folldal kommune.



KARTINNHOLD: Kartet viser vegetasjonsdekket delt inn i 3 beiteklassar for sau. Grunnlaget for inndeling er innhaldet av beiteplanter i vegetasjonstypane og hovudtrekk i sauens sine beitevanar.

Vegetasjonsdekt areal som på vegetasjonskartet har tilleggssymbol for meir enn 50 % dekning av bart fjell eller blokkmark, får redusert beiteverdi. Det same gjeld *rishei* med høg dekning av lav. Beiteverdien til dei ulike vegetasjonstypane vil variere i løpet av beitesesongen. Dette gjeld særleg *grassnølleie* som blir tilgjengeleg først ut på seinsommaren. Dette er markert med skravur. Skravur er også lagt på grasrike utformingar som kan forekomma av ulike vegetasjonstypar

Frodige skogtypar og *høgstaudeeng* vil ha høg potensiell beiteverdi, men på mange lokalitetar kan verdien vera begrensa av høg dekning av høge urtar og vier. I dette området vil dei fleste areal av engskogar vera sterkt beitepåverka og dermed forholdsvis grasrike. *Høgstaudeengene* er meir variable da vierdekninga ofte er høg og begrensar den aktuelle beiteverdien.

Ved sida av dette er det teke ut *beitevollar*, *dyrka mark* og uproduktive areal. Tilgjenge på grunnlag av topografi er ikkje vurdert, men det er få begrensingar i dette området.

Tegnforklaring

Beiteverdi i naturleg vegetasjon


- Mindre godt beite
- Godt beite
- Svært godt beite

Andre arealtypar

- Beitevollar
- Dyrka mark
- Uproduktive areal

Tilleggsinformasjon

- Grasrike utformingar
- Forsumpa areal
- Seinsommar/haustbeite



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI